

# Plan for lokale kulturhus 2010 - 2021



Luster kommune

Vedteken i Luster kommunestyre  
24.09.2009, sak 66/09

Del 1	Målet med planen	s. 2
1.1	Kva er ein kommuneplan	s. 2
1.2	Ein kommuneplan inneheld	s. 2
1.3	Kva er ein kommunedelplan	s. 2
1.4	Prioriteringar og føringar i planarbeidet	s. 2
1.5	Overordna mål for plan for lokale kulturhus	s. 3
1.6	Føremålet med kommunedelplanen	s. 3
1.7	Prosessen fram til vedtak	s. 3
1.8	Hovudproblemstillingar	s. 4
1.9	Faktorar for vidare planlegging og drift	s. 4
1.10	Erfaringar med gjeldande plan	s. 5
Del 2	Lokale kulturhus som møteplassar	s. 7
2.1	Framtidsperspektivet i planen	s. 7
2.2	Private organisasjonar	s. 7
2.3	Lokalsamfunnet / grenda	s. 7
2.4	Kommunalt dekkande tilbod	s. 7
2.5	Regionalt dekkande tilbod	s. 7
2.6	Kommersielle tilbod	s. 7
2.7	Kva meiner me med aktivitet	s. 8
2.8	Utfordringar	s. 8
2.9	Nye aktivitetsområde / behov for tilrettelegging for nye aktivitetar	s. 8
Del 3	Handlingsprogram	s. 10
3.1	Heilskapstanken – hus og møteplassar i Luster kommune 2010 – 2022	s. 10
3.2	Trender	s. 10
3.3	Større krav til komfort og kvalitet	s. 10
3.4	Sentralisering av enkelte arrangement	s. 10
3.5	Samarbeid over bygdegrensar	s. 10
3.6	Samfunnshus i Jostedal, på Hafslo og i Skjolden	s. 11
3.7	Sogndal kulturhus er regionanlegget	s. 11
3.8	Kommuneplanen si formulering for Gaupne	s. 11
3.9	Planen sin fire årige handlingsplan	s. 11
3.10	Planen sin tolv årige utviklingsplan	s. 11
Del 4	Verkemiddel	s. 12
4.1	Driftsansvar	s. 12
4.2	Brukarmedverknad	s. 12
4.3	”Gratisprinsippet”	s. 12
4.4	Krav om ENØK-tiltak og tilrettelegging for alle	s. 12
4.5	Driftsplan	s. 12
4.6	Offentlege tilskotsordningar	s. 12
4.7	Godkjenning av større vedlikehaldsprosjekt	s. 12
4.8	Statstilskot til lokale kulturhus	s. 12

## Del 1

### Målet med planen

#### 1.1 Kva er ein kommuneplan?

I §20-1 i Plan og bygningslova frå 1987 står det: «*Kommunen skal utføre en løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utvikling innenfor sine områder.*» Kommuneplanen samt økonomiplanen er dei overordna planane for alle kommunar.

Kommuneplanlegginga skal bygge på dei økonomiske og øvrige ressursmessige føresetnader for gjennomføring.

Kommuneplanen skal handsamast av kommunestyret minst ein gong kvar valperiode.

#### 1.2 Ein kommuneplan inneheld

- ein langsiktig del (12 år), med mål for utviklinga i kommunen og retningsliner for sektoren sin planlegging.
- ein kortsiktig del (4 år), som er ein samordna handlingsplan for verksemda dei næraste åra.

#### 1.3 Kva er ein kommunedelplan?

I tillegg til den overordna kommuneplanen vert det utarbeida meir detaljerte planar, kommunedelplanar, arealplanar og aktivitetsplanar for dei ulike geografiske områda og aktivitetane i kommunen. Det er viktig at desse kommunedelplanane har mål og føringar som samsvarar med den overordna kommuneplanen og økonomiplanen.

Kommunedelplan for lokale kulturhus er ein plan for aktiviteten: "lokale kulturhus".

Kommunedelplanar vert utarbeidd og handsama etter dei same reglane som ein kommuneplan. Ein kommunedelplan har same politiske og rettslege virkekraft som ein kommuneplan innafør sitt område.

#### 1.4 Prioriteringar og føringar i planarbeidet

I kommuneplan for Luster, vedteken i K-sak 15/07, er det følgjande føringar som gjeld lokale kulturhus:

	<b>Kp. 4.2: Kommunesenter / Bygdesenter</b>
Delmål generelt:	Få etablert fleire uformelle møteplassar
Tiltak generelt:	Krav til universell utforming av kommunale og kommunalt støtta bygg og anlegg, Få til samarbeid mellom kommune og eigarar av fleirbrukshus om drift og bruk
Delmål Gaupne:	Gaupne skal styrkast og utviklast til eit sterkt kommunesenter som skal ha alle offentlege servicetilbod ein finn her i dag – og Gaupne skal ha eit godt definert sentrum der ein bør finne eit godt utval av butikkar, andre tenestetilbod og kulturtilbod
Tiltak Gaupne:	Etablere samfunnssal knytt opp til det planlagde badeanlegget
Delmål bygdesenter:	Bygdesentra skal ha skule, barnehage, butikk og sosial samlingsstad for hyppige uformelle møte og store samlingar som 17. mai.
Tiltak bygdesenter:	ingen relevante målformuleringar
Delmål bygdelag:	Alle bygdelag skal ha eit godt butilbod og eit tilfredsstillande tenestetilbod
Tiltak bygdelag:	Ingen relevante målformuleringar

### **Kp. 5.1: Kultur og fritid**

- Delmål kulturtilbod: Ha tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg  
Større satsing på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg
- Tiltak kulturtilbod: Prioritere tilskot til lokale kulturhus ut frå aktivitet  
Framleis leggje gratisprinsippet til grunn ved utleige av kommunale kulturanlegg. Søkje samarbeid med nabokommunar om kulturtilbod. Opne for å overlata drifta av kommersielle kulturanlegg til private.

### **1.5 Overordna mål for plan for lokale kulturhus**

Alle bygder og større grender skal ha tilgang til eit lokalt kulturhus i nærområdet. Nærområdet vert definert som maks 4 km frå sentrum av grenda. Det lokale kulturhuset skal dekkja grenda sitt behov for forsamlingslokale.

- Dei prioriterte kulturhusa skal ha tilfredsstillande standard og opne opp for breidde i aktivitet og bruksområde. Kulturhus med eit snevert bruksområde eller brukargruppe vil ikkje verta prioritert.
- Eigarane av prioriterte kulturhus må ha klare planar for framtidig drift, vedlikehald og bruk.
- Det er eit mål i denne planen å ha fokus på aktivitet og fleirbruk.
- På stader der det i dag både er kommunalt og privateigd kulturhus som kan nyttast til same formål/aktivitet, kan det ikkje gjevast kommunal stønad til drift og vedlikehald av det privateigde kulturhuset.

### **1.6 Føremålet med kommunedelplanen**

Vera til hjelp for organisasjonar og kommunen ved nybygging og ombygging av lokale kulturhus i Luster kommune, ved m.a. å

- Tene som dokumentasjon for Luster kommune i samband med søknad om statstilskot til lokale kulturhus.
- Sørgje for ein planmessig utbygging og drift av lokale kulturhus i Luster.

I tillegg skal planen vera eit verktøy for sakshandsaminga av saker innanfor reglementet for tilskot til kulturføremål.

### **1.7 Prosessen fram til vedtak**

- 1.7.1 Innhaldet i planen vert revidert kvart 4. år.
- 1.7.2 Eigarar av lokale kulturhus og andre interessentar vert varsla om oppstart av revisjon av planen og handlingsprogrammet, og vert oppmoda om å senda innspel til planen/handlingsprogrammet innan ein gitt tidsfrist.
- 1.7.3 Alle innspel vert vurderte og lagt fram for planutvalet saman med framlegg til ny plan.
- 1.7.4 Framlegget til ny plan vert lagt ut til offentleg høyring i minimum tre veker.
- 1.7.5 Melding om utlegging og høyringsfrist kjem via annonse i lokalavisa og kommunen si heimeside på internett.
- 1.7.6 Før høyringsfristen går ut må alle merknader til den nye planen sendast Luster kommune innan den gitte fristen. Det er no for seint å komma med innspel på nye tiltak, og det er innhaldet / prioriteringane i den utlagde planen det skal sendast inn merknader på.
- 1.7.8 Framlegg til ny plan/handlingsprogram går til endeleg vedtak i formannskap og kommunestyret.



- 1.7.9 Den nye planen/handlingsprogrammet vert etter vedtak sendt alle berørte partar.
- 1.7.10 Dersom det vert gjort vesentlege endringar i plan/handlingsprogram etter at plan- og handlingsprogram har vore ute til offentleg høyring, må den nye planen / høyringsutkastet ut til ny offentleg høyring. Det kan då sendast inn nye merknader som må politisk handsamast i planutvalet og kommunestyret.

## **1.8 Hovudproblemstillingar**

Folketalet i delar av kommunen er minkande - det vert her færre innbyggjarar pr lokalt kulturhus og møteplass. Kostnadene med drift og vedlikehald er generelt aukande.

- 1.8.1 Kommunen opplever ei sentralisering mot kommunesenter og enkelte bygdesenter - enkelte kulturhus får færre brukarar medan andre får fleire.
- 1.8.2 Kommunen får ein strammare økonomi i framtida, og det vert ei strengare prioritering av midlar som kan nyttast til drift, vedlikehald og utviding/bygging av nye kulturhus.
- 1.8.3 Luster kommune har tenlege kulturhus i bygdesentra Skjolden, Jostedal og Hafslø. Luster kommune var, saman med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og kommunar i regionen, med på å gi kulturhuset i Sogndal status som regionalt kulturhus.
- 1.8.4 I den vidare planprosessen må det takast omsyn til nye behov og kommunikasjons-tilhøva til Sogndal og mellom bygdesentra og kommunesenteret.
- 1.8.5 Det er viktig med aktivitet og kulturell breidde for å kunna oppretthalda dagens standard, eller aller helst få auka standard på dei mest brukte kulturhusa. Dette stiller krav til auka samarbeid mellom lag og organisasjonar og betre planlegging og samordning av bruk. Ved framtidig nybygging og ombygging av lokale kulturhus i Luster kommune må det gjerast klare prioriteringar ut frå behov og økonomien til søkaren.
- 1.8.6 På stader der det i dag både er kommunalt og privateigde kulturhus som vert nytta til same formål/aktivitet, kan det ikkje gjevast kommunal stønad til drift og vedlikehald av privateigde kulturhus. Dette stiller krav om samordna planlegging.
- 1.8.7 Brukarane har til no hatt gratis tilgjenge i offentlege/kommunalt eigde kulturhus, medan brukarane/eigarane av private kulturhus er ansvarlege for driftsøkonomien.
- 1.8.8 Møteplassar for ungdom og vaksne veks fram med utgangspunkt i aktivitetstilbodet. Det vil i større grad enn tidlegare vera behova til brukarane som legg føringar for planlegginga av større vedlikehald og kapasitetsutviding av anlegga.

## **1.9 Faktorar for vidare planlegging og drift av lokale**

### **1.9.1 Meir heilskaplege løysingar:**

Det er i kommuneplanen eit ynskje om å demma opp for den sentraliseringa som skjer i kommunen. På den eine sida er det prioritert større og meir sentrale anlegg samtidig som det skal vera gode tilbod i nærområdet og dei mindre grendene. Dette kan, som kommuneplanen peikar på, løysast gjennom betre kommunikasjon.

Denne planen skal framheva ei heilskapleg løysing der innbyggjarane skal kunna gjera seg nytte av anlegga uavhengig av bustadadresse, men av aktivitetstilbodet. Men for eigarane av grendahus i ei grend utan andre offentlege tilbod er det avgjerande med kommunale tilskot til drift og vedlikehald av anlegget.

### **1.9.2. Feirbrukshus har høgast prioritet**

Spesialinteresser som få driv med må prioriterast ned framfor kulturaktivitetar som mange driv med. Unnataket er spesialinteresser retta mot barn og ungdom under 18 år. Barn og ungdom under 18 år er avhengig av skyss for å komma seg til stader der slike tilbod finst.

### **1.9.3. Kommunen sitt ansvar**

for tilbodet om lokale kulturhus og møteplassar, for både eldre og ungdom, er knytt opp til reglement for tilskot til kulturføremål. For framtida vil dette ansvaret knytast

sterkare opp mot den kulturelle aktiviteten som føregår i anlegga. Eigarar av private kulturhus og møteplassar må i dette tilfelle planlegge sin aktivitet ut i frå korleis dei kan skaffe seg inntekter frå ulike partar. Utviklinga av eit offentleg tilbod gjennom skular og kommunale kulturhus har som konsekvens at kommunen konsentrerer sitt ansvar til egne anlegg.

#### **1.9.4. Aktivitet må dokumenterast**

For å kunna bli prioritert for kommunalt tilskot må det setjast krav til dokumentert aktivitet. Dersom aktiviteten er minkande vil dette også ha konsekvensar for drifta av anlegget, og eigarane må i større grad sjølve ta konsekvensane av dette. Større eigeninnsats og godt samarbeid mellom lag og organisasjonar i den enkelte grenda er nøkkelord for auka aktivitet.

#### **1.9.5. Økonomi**

Kommunen vil ved innføring av brukarmedverknad i drifta av kommunale samfunns- hus gi det signalet at kommunen prioriterer å stille kommunale anlegg gratis til disposisjon framfor å krevja inn husleige.

Av dei private forsamlingshusa som er lokaliserte i nærleiken av offentlege anlegg må kommunen føreta ei prioritering av kva for hus som skal ha rett til kommunalt tilskot til drift, vedlikehald og ev. ombygging.

Kommunen vil prioritere tilskot til drift og vedlikehald til dei private anlegga som inngår i denne planen sitt anleggsregister.

### **1.10 Erfaringar med gjeldande plan**

Erfaringane med sist utarbeidde kommunedelplan (2001-2013) kan oppsummerast til:

- 1.10.1 Hjelpemiddel for administrasjonen sett i forhold til sakshandsaming av søknader om tilskot til utviding og større vedlikehald. Referansedokument for lokale lag og foreiningar ved utarbeiding av egne søknader om kommunalt tilskot og ev. fylkeskommunalt/statstilskot.
- 1.10.2 Prosessen (gjennomført i 1993 og 1998) med å tenkja tiltak var for dei enkelte forsamlings-huseigarane både nyttig og nødvendig sett i forhold til å oppnå ei forbetring og kvalitets-heving av tilboda. Dei av huseigarane som hadde planar og som var sterkt opptekne av å utvikle tilbodet sitt engasjerte seg tilsvarande meir enn andre. Men for dei fleste av huseigarane bar likevel engasjementet preg av ”resignasjon”, og årsaka vart forklart med svak (lokal) organisering, høg kostnad med drift og vedlikehald og ”umoderne” og urasjonelle tekniske løysingar i bygningane.
- 1.10.3 Perioden frå Solvorn skule (1982 ) og fram til realiseringa av Fjordstova i Skjolden (1994) har avdekkja ein fullstendig ny måte å forstå og praktisere ”møteplassen” på. Frå dei tradisjonelle ”grendahusi”, der me i vår kommune finn kategoriane ungdomshus, bedehus og losjehus, har møteplassane etterkvart vorte skulen, samfunnshuset og dei meir kommersielle løysingane i hotell og gjestehus. Parken i Gaupne, som kommunestyret peika ut som kommunen sin tusenårsstad, har i særleg grad vorte ein ”sesong- møteplass” om sommaren. Dette siste momentet har på sin måte påverka behovet for oppdateringa av kommunedelplanen. Dei mange private løysingane har måtta veke plassen for løysingar som låg framom den reint tradisjonelle tenkjemåten.
- 1.10.4 Anlegg som er oppført i anleggsregisteret kan søka om refusjon for driftsutgifter jf. reglement for tilskot til kulturføremål. I tillegg har kommunen praktisert at

organisasjonar som har leigeavtalar om anlegg/lokale til sin kulturelle aktivitet kan søke om refusjon for husleige.

Eit oversyn over denne forma for tilskot gir også eit bilete av aktivitet og kontinuitet i drift og vedlikehald av anlegg, og fylgjer som vedlegg.

#### 1.10.5 Tabell som syner fordeling av refusjon for drift og vedlikehaldstilskot 2006 – 2008

	Søkar / organisasjon	<b>2006</b> ref.:30 %	<b>2007</b> ref.: 30 %	<b>2008</b> ref.: 35 %
Refusjon for Leige og drift	Sum utbetalt refusjon:	23.607	54.157	71.698
	Søkar / huseigar	<b>2006</b> ref.: 30 %	<b>2007</b> ref.:30 %	<b>2008</b> ref.: 35 %
Refusjon til privateigde kulturhus	Sum utbetalt refusjon:	323.227	274.451	329.315
	Totalt utbetalt refusjon:	<b>346.834</b>	<b>328.608</b>	<b>401.013</b>

Refusjonsprosenten er omhandla i reglementet for tilskot til kulturføremål under pkt. Refusjonsgrunnlaget for drift av anlegg til kulturføremål, der det står:

Anlegg som kan godkjennast for refusjon for driftsutgifter må vera registrerte i «Anleggsregisteret» i den kommunale planen som anlegget sorterar under. Private forsamlingshus i Kommunal plan for lokale kulturhus osv. Driftsutgifter som vert godkjende kan kategoriserast såleis:

1. Forsikring, straum, avgifter (renovasjon, vatn og kloakk).
2. Eigarar av anlegg som vert nytta av skular og barnehagar vert gitt eit driftstilskot på kr 10.000. Føresetnaden for dette driftstilskotet er ein underskriven bruksavtale.
3. Drivstoff og anna materiell som er nødvendig for utøving av kulturaktivitet.
4. Reinholdsmidlar (her inkl. golvlakk og bonevoks), lyspære og driftsmidlar på idrettsanlegg som t.d. gjødsel.
5. Nødvendig vedlikehald av anlegg, t.d. reperasjon / ombygging, inntil kr 50.000.
6. Refusjonsprosenten for drift og vedlikehaldskostnader på anlegg der det føregår leik og aktivitetar for born, herunder også idrettsanlegg, er inntil 50% av godkjent grunnlag.

For anlegg som søker om tilskot til større vedlikehald, påbygging og ombygging er det eit vilkår for kommunal medverknad at tiltaket er prioritert i handlingsdelen i Plan for lokale kulturhus og møteplassar. Referansen til reglementet er pkt. Tilskot til vedlikehald av anlegg til kulturføremål, der det heiter:

Planar for større vedlikehaldsprosjekt (dvs. utover kr 50.000) ved dei enkelte anlegga skal innarbeidast i den kommunale planen som anlegget sorterar under, og leggast til grunn for handsaminga av søknaden. Alle slike søknader skal fremjast før arbeidet tek til. Større vedlikehaldsprosjekt inngår som regel i ein vedlikehaldsplan for anlegget. Planen inneheld budsjett og kommentarar på utstyr og materiell som er nødvendig for å kunne gjennomføre sjølve aktiviteten i / på anlegget. Ein vedlikehaldsplan kan strekke seg over fleire år, men må presenterast ved 1. gg. søknad / innmelding til arbeidet med kommunal plan.

## Del 2

### Lokale kulturhus som møteplassar

#### 2.1 Framtidsperspektivet i planen

Denne delen rettar søkelyset på "tidsmessig" rette løysingar sett i forhold til status for brukargruppa/-ene og gjeldande kommunedelplan.

Framskrivninga av planen ser også på samanhengen mellom lokal aktivitet og tilgangen på offentlege bygningar som kan nyttast som møteplassar /forsamlingshus for den lokale aktiviteten.

I del 3 er det sett nærare på enkelte trendar, innarbeida visjonar for vidareutvikling av lokale anlegg, sambruk og samarbeid mellom brukarorganisasjonar om drift av felles anlegg.

#### 2.2. Private organisasjonar

har etablerte løysingar for sin primæraktivitet, og i nokre høve er denne også open for ålmenta ved festlege høve og ved utleige/utlån. Døme: ungdomshus, bedehus og losjehus. Aktiviteten i desse husa har avteke sidan 1993/1998, og for ein del av husa er fråværet av større vedlikehald som t.d. repr. av tak, tilkomst for rullestolbrukarar og energiøkonomiserande tiltak gjennomgåande. Behovet for desse møteplassane er i praksis avløyst av andre og meir moderne tilbod.

#### 2.3 Lokalsamfunnet / grenda

har løysingar delvis gjennom organisasjons eigde hus og delvis i offentlege bygningar som skular, samfunnshus og ulike private tilbod som t.d. hotell og gjestehus. Behovet er som regel knytt til aktivitetar som møteverksemd, feiring av høgtider som t.d. juletreffestar og 17.mai-arrangement.

#### 2.4 Kommunalt dekkande tilbod

har etterkvart teke over ein vesentleg større del av det behovet som tidlegare vart kanalisert til organisasjonseigde anlegg. Døme på dette er merkbart i Jostedal, indre delar av Luster og på Hafslo der dei offentleg finansierte tilboda i Jostedal samfunnshus, Fjordstova på Skjolden, Dale skule- og samfunnshus og Hafslo samfunnshus har vorte naturlege møteplassar for innbygarane på desse stadene.

#### 2.5 Regionalt dekkande tilbod

vart først tema i og med bygginga av Kulturhuset i Sogndal. Teater- og konsertarrangement i tillegg til eit ordinært kino-tilbod er for Luster-publikumet naturleg å søke dekkja i Sogndal. Derimot er det framleis liten aktivitet i retning av å bruke/leige Kulturhuset i Sogndal til arrangement i regi av nokon frå Luster. Tilsvarande gjeld også for Sogn Folkemuseum på Kaupanger.

#### 2.6 Kommersielle tilbod

har gjerne eit utspring frå lokalt næringsliv som hotell og gjestehus. Føremålet med å leggja kulturarrangement til desse stadene er todelt: kapasitet og tekniske løysingar for å gjennomføre arrangementet høver til tilbodet om servering. I tillegg til kulturformidlinga gir dette eit potensiale for økonomisk drift. Fleire slike møteplassar har etter kvart gjort seg gjeldande i Luster kommune, og nokre døme er Skjolden Brygge, Munthehuset i Kroken, Urnes gard, Breheimsenteret og Jostedal Hotell.



## 2.7 Kva meiner me med aktivitet?

Aktivitetsområde som har vore i majoritet og såleis prega lustrasamfunnet fram til tusenårs-skiftet er først og fremst innanfor områda:

- \* eigenaktivitet (frå kurs og opplæring til øving og framføring)
- \* fest og hygge (frå sosiale tiltak til feiring og markering)
- \* møteverksemd
- \* uformelle møteplassar (frå sosiale treffpunkt i ”sentrum” til kafe- og klubb-lokale)

For ein stor del, gjeld at desse typane arrangement er flytta frå mindre private lagshus / grendahus til skular, samfunnshus og private verksemdar som t.d. hotell.

På enkelte område, som t.d. teater-, konsert- og kåseri / foredrag- arrangement har desse utvikla seg frå å vera eit reint lokalt arrangement som vart arrangert i ”grendahuset” til å bli eit arrangement som i dag gjerne vert arrangert i samarbeid med eit hotell eller på samfunnshuset.

Tilbodet om kino- og turnearrangementa til Riksteateret er i dag lokaliserte til Sogndal kulturhus. Konserttilbod og større regionale arrangement er og lokaliserte her.

Lokalitetane til Sogn Folkemuseum vert nytta både til utstilling, konsert, kåseri og foredrag.

## 2.8 Utfordringar

Ei framskriving av aktivitetar og aktivitetsnivå samtidig som ein vurderer desse opp mot trendar som rår i tida, stiller oss overfor fylgjande utfordringar:

- 2.8.1 Den lokale interessa for å bruke lokalitetar med høgare komfort og standard vil forsterke forskyvinga av lokal aktivitet bort frå fleire private forsamlingshus. Spørsmålet om å godkjenne husleige i ”nye” og privateigde hus/anlegg for utøving av desse aktivitetstilboda som refusjonsgrunnlag vil melde seg, og må innarbeidast i reglementet for tilskot til kulturføremål.
- 2.8.2 Med eit avtakande aktivitetsnivå i fleire av dei lokale, privateigde forsamlingshusa vert også evna til å finansiere nødvendig vedlikehald redusert og gradvis borte.
- 2.8.3 Ungdom og unge vaksne søker lettare til arrangement med lokalisering utanfor eiga bygd og kommune.
- 2.8.4 For fleire av bygdene i Luster kommune vert det rapportert om liten oppslutning frå bygdefolk om kulturarrangement, og fleire av dei arrangementa som vert annonserte for eit større publikum kan melde om vekslande rekruttering av publikum frå nabobygda /-ene.
- 2.8.5 Kostnadane med å arrangere krev både auka inntekt i form av fleire deltakarar / større publikum og event. fleire sponsorar.

## 2.9 Nye aktivitetsområde / behov for tilrettelegging for nye aktivitetar

- 2.9.1 I offentleg planlegging, og i statlege meldingar, vert det poengtert at: ”for at det lokale kulturlivet skal kunne utfolde seg, er det nødvendig at det vert skapt møteplassar som er tilrettelagte”. Vidare tek dei same statlege plandokumenta til orde for at lokale anlegg treng planlegging og finansiell støtte for å kunna utvikle seg som fleirbruksanlegg. Med ein større grad av fleksibilitet, for m.a. å kunna nyttast til nye aktivitetar som stiller andre og meir spesielle krav til utforming og innreiing, har ein samtidig opna for nyskaping og kreativitet også når det gjeld variasjon i arrangementstilbodet. Kven som bør føla ansvar for å lansere desse ”nye” behova og kven som skal føla ansvar for at dei vert lagt til rette for er dei statlege meldingane ikkje like klare på.
- 2.9.2 I denne kommunedelplanen er det lagt til grunn eit skilje i ansvar mellom formelle talerøyr på den eine sida (lokale forsamlingshuseigarar og fellesorgan /bygdslag)

og offentlege organ på den andre sida (kommunen, fylkeskommunen og staten). Anlegg som er reint offentlege, eller der det offentlege er ein sentral brukar, inngår som ein del av kommunen (det offentlege) sine budsjett og økonomiplanar.

- 2.9.2 Nokre aktivitetsområde kan listast som heilt eller delvis fráværande i Luster kommune pr. 2009:
- utstillingslokale (for både kunst og husflid)
  - kino
  - studio for video og filmproduksjon
  - øvingslokale for ulike/spesielle musikkinstrument
- 2.9.3 Enkelte aktivitetsområde ligg i grenseland mellom det å vera ein sosial møteplass, arena for utøving av fysisk aktivitet (idrett) og rekreasjon. Av denne type aktivitetar finn me t.d. bowling.
- 2.9.4 Andre aktivitetsområde stiller krav om tekniske løysingar og investeringar i utstyr meir enn det som ligg til sjølve areal- og planløysinga. Av denne type aktivitetar finn me t.d. studio for video og film-redigering, øvingsstudio for dans og kino-framsyning.
- 2.9.5 Større anlegg som opnar for fleirbruk og sambruk er t.d. bibliotek, museum og kunstgalleri.
- 2.9.6 Luster kommune vil aktivt medverka til å utvida aktivitetstilbodet for lag og organisasjonar som av årsaker nemnt ovanfor inngår leigeavtalar om lokale for desse aktivitetane. Vilkhåra som vil bli knytte til godkjenninga av slike leigeavtalar vert spesifiserte i nytt reglement for tilskot til kulturføremål, men prinsippet skal vera at aktiviteten er av kulturell karakter, lovleg og open for alle. Kommunen vil dekkja kostnader gjennom refusjonsordninga "Refusjon for drift av anlegg til kulturføremål".

## Del 3

### Handlingsprogram

#### 3.1 Heilskapstanken – hus og møteplassar i Luster kommune 2010 - 2022

Heilskapstanken m.o.t. møteplassar i Luster kommune femner både dei tradisjonelle aktivitetane og det som utviklar seg med tida. Her er det naturleg å forstå framveksten av nye former for samhandling som eit resultat av nye vanar, auka krav om komfort og internasjonaliseringa gjennom påverknad av media, film og internett i tillegg til sjølvoppleving i møte med nye anlegg andre stader.

#### 3.2 Trendar

Trendar innan dette feltet let seg vanskeleg generalisere, men nokre observasjonar og erfaringar kan likevel gi ein peikepinn på kva som er i ferd med å skje.

Først og fremst må auka mobilitet, betre kvalitet på vegar og transportmiddel og opplevinga av å vera fleire som møtest om same interessefelt framhevast som eit moment for utvikling og lokalisering av notida og framtida sine møteplassar.

Tradisjonelle møte- og kursaktivitetar vert hovudsakleg lagt til lokalitetar i offentlege skular og samfunnshus. Fritidsklubbar og uformelle møteplassar for ungdom opererer ut frå både privateigde anlegg (Gaupne), offentlege samfunnshus (Hafslo) og tilbodet ME'N`U som i dag er lokalisert til eit privat, kommersielt privatdrive utleigebygg og samlokalisert med Treningssenteret i Gaupne. Årsmøte og temamøte vert gjerne lokaliserte til møtelokale med eit tilbod om matserving, og alternativa er også etterkvart mange og varierte frå Pyramiden Senterkafe og banksalen (Gaupne) til Munthehuset (ytre Kroken) og Jostedal- og Eikum Hotell (Hafslo).

Eit anna trekk ved dette biletet er at der ein tidlegare valde å tilrettelegge alt ved dugnad er det no meir vanleg at arrangøren kjøper enkelte teneste. Unnataket er driftsmodellen ved Fjordstova i Skjolden som i stor grad praktiserer dugnad.

For større tilskipingar som ved konsertarrangement i Tusenårsstaden Parken (Gaupne), ved turneteater (i Fjordstova, Skjolden), 17. mai fest (idrettshallen, Gaupne) er arrangørane på førehand innstilte på å utføre ein viss dugnad mot at det eventuelle overskotet arrangementet gir kjem den lokale arrangøren til gode på ein eller annan måte.

#### 3.3 Større krav til komfort og kvalitet

Framskrive mot 2020 er det ingen signal som tyder på at nokon av dei ovanfor nemnde kategoriane vil utvikle seg attende til slik dei t.d. var før 1998. Mest sannsynleg vil kravet til komfort og kvalitet bringe denne trenden enno lenger i retning av at det kommersielle tilbodet vil overta meir og fleire av dei lokale arrangementstypene.

#### 3.4 Sentralisering av enkelte arrangment

Vidare kan det også seiast å vera ein trend som peikar i retning av ei viss sentralisering av dei arrangementa som har høg kostnad og som såleis stiller større krav til inntening/omsetnad.

#### 3.5 Samarbeid over bygdegrensar

Eit anna moment som også spelar inn i eit framtidsperspektiv vil vera interesse for, men også vilje og evne til å oppsøke tilskipingar i ei nabobygd. Når det gjeld for aldersgruppa under 20 år er denne mobiliteten innarbeida.

### 3.6 Samfunnshus i Jostedal, på Hafslo og i Skjolden

Vurdert ut i frå kjennskap til lokale tradisjonar og erfaringar med kostnadskrevjande arrangement, vil det for framtida vera mogeleg å dela kommunen inn i geografiske sektorar der grendene som naturleg soknar til Skjolden har Fjordstova som møteplass, Jostedal har sitt Jostedal samfunnshus og Hafslo samfunnshus dekkar behovet for dei grendene som soknar til ytre Hafslo.

### 3.7 Sogndal kulturhus er regionanlegget

Utover desse samfunnshusa (jf. pkt. 3.6) vil skulane for ein stor del dekke det behovet grendene måtte ha, medan Sogndal kulturhus som regionanlegg og i kraft av sin funksjonalitet og storleik dekker behovet som framleis måtte vera udekka i Luster kommune.

### 3.8 Kommuneplanen si målformulering for Gaupne

Avslutningsvis er det verdt å merka seg at kommunestyret formulerte seg samrøystes med omsyn til kommuneplanen sine mål for Gaupne:

Delmål Gaupne:	Gaupne skal styrkast og utviklast til eit sterkt kommunesenter som skal ha alle offentlege servicetilbod ein finn her i dag – og Gaupne skal ha eit godt definert sentrum der ein bør finne eit godt utval av butikkar, andre tenestetilbod og kulturtilbod
Tiltak Gaupne:	Etablere samfunnssal knytt opp til det planlagde badeanlegget

### 3.9 Planen sin fire årige handlingsplan

er ein kortsiktig del (fire årige), som framstår som ein samordna handlingsplan for sektoren si verksemd dei næraste åra. Med grunnlag i ovanfor nemnde kriterie og vurderingar er prioriteringa av tiltak i komande handlingsplan for planperiode (2010 – 2013):

1. A/L Parken, Nybygg, 700 kvm sal + inngangsparti kjøkken og garderobe. Kr 9 mill.
2. Lyngmo ungdomssenter, betre tilkomst for rullestolbrukarar og oppjustering resepsjonsområde og toalettanlegg. Kr 80.000

Prosjekta i handlingsplanen må presentere ein finansieringsplan som dokumenterer at prosjekta er fullfinansierte før byggestart.

### 3.10 Planen sin tolv årige utviklingsplan

er ein langsiktig del (tolv årige), med mål for utviklinga i kommunen og retningsliner for sektoren si planlegging.

Tiltak i langsiktig del av planperioden fram til 2022 (2014 – 2022):

1. Kroken grendahus, reoperasjon av tak. Kr 307.000
2. Fortun bygdalag, skifting av tak. Kr 731.250
3. Fredheim, Nes, ombygging for HC-toalett og rullestolinngang. Kr 172.000
4. Mollandsmarki grendehus, rehabilitering kjøkken. Kr 245.000
5. Hafslo bedehus, rullestolrampe. Kr 142.000
6. Lyngmo ungdomssenter, oppgradering kjøkken / matsal.

Retningsliner og krav til lokale prosjekt skal byggja på dei overordna måla i kommuneplanen, dei meir langsiktige visjonane for vidareutviklinga av lokale kulturhus og møteplassar i kommunen og innarbeidast i reglementet for tilskot til kulturføremål. Desse målformuleringane skal reviderast kvart fjerde år, og minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

## Del 4

### Verkemiddel

#### 4.1 Driftsansvar

Lokale kulturhus og møteplassar kan grupperast i tre grupper:

1. Reint offentlege anlegg (døme: skular, kommunale kultur- og samfunnshus, andre offentlege bygg og anlegg).
2. Kombinasjon av privat og offentlig driftsansvar (døme: Fjordstova A/S i Skjolden).
3. Reint privat driftsansvar (døme: bedehus, ungdomshus, grendahus og hotell/kafe).

Det kommunale ansvaret for drift av anlegg nemnde i planen er delt i to:

- A: For gruppe 1 har kommunen eit overordna driftsansvar som vert fylgt opp ved årleg budsjettering og teknisk drift og oppfølging.
- B: For gruppe 2 og 3 er ansvaret tillagt eigarane av anlegga, og eit ev. kommunalt tilskot er definert i reglement for tilskot til kulturføremål.

#### 4.2 Brukarmedverknad

Innføringa av såkalla ”bukarstyre” ved kommunale anlegg har i liten grad fungert med unnatak av Gaupne idrettshall. Prinsippet med å praktisere gratis tilgjenge til kommunale anlegg er såleis ei utfordring. Kommunen vil likevel halda på prinsippet om brukarmedverknad som eit vilkår for å oppnå ”gratisprinsippet”.

#### 4.3 ”Gratisprinsippet”

Planen har valt å sjå på fleire sider ved brukarmedverknad og korleis det best let seg gjera å kvalitetssikre at intensjonen med ”gratisprinsippet” for lag og organisasjonar kan oppretthaldast. Konkret vil dette også bli innarbeida som føresetnader i nytt tilskotsreglement gjeldande frå 2011.

#### 4.4 Krav om ENØK-tiltak og tilrettelegging for alle

Det same gjeld praktiseringa av kravet til planlegging av anlegg som søker om offentlege tilskot. Til dømes heiter det at alle hus skal ha ein plan for gjennomføring av ENØK-tiltak, tilrettelegging for rullestolbrukarar, tilfredsstillande kjøkkenfunksjon og tilfredsstillande sanitæranlegg.

#### 4.5 Driftsplan

Ved fremjing av søknad om offentlege tilskot til bygging og utviding av funksjonar skal det utarbeidast ein driftsplan. Planen skal m.a. syne korleis tiltaka vil kunna auke bruken av anlegget, sikre drifta økonomisk og utvide aktivitetstilbodet.

#### 4.6 Offentlege tilskotsordningar

med omtale av krav til dokumentasjon og tidsfristar for søknad.

Luster kommune:	Tilskot til kulturføremål – refusjon drift og vedlikehald til huseigarar i anleggs-registeret	Dokumentasjon på utgifter til forsikring, energi (lys og oppvarming) og mindre førefallande vedlikehald under kr. 75.000	<b>1. mars</b>
-----------------	---	--	----------------



Luster kommune:	Tilskot til kulturføremål: refusjon for husleige	Dokumentasjon på utgifter, og forklaring på kvifor leigeavtalar	<b>1. mars</b>
Luster kommune	Tilskot til kulturføremål: Tilskot til nybygg og ombygging	Prioritet i kommunal plan for lokale kulturhus	<b>1. mars</b>
Sogn og Fjordane Fylkeskommune - Kulturavdelinga	Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus, vedteke av Stortinget i samband med handsaming av St. meld. Nr. 48 (2002 – 2003) ”Kulturpolitikk fram mot 2014”.	Lokala må vere planlagt ut frå definerte behov, og dei bør vera fleksible. Kulturhusa bør lokalisera sentralt i lokalsamfunnet / regionen. Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn. Sjå også pkt. 4.8.3	<b>1. mars</b> (frist for søkarar til Luster kommune)  <b>1. april 2009</b> (Frist for kommunane til fylkeskommunen)

#### 4.7 Godkjenning av større vedlikehaldsprosjekt

Anleggseigarar som ynskjer å foreta større vedlikehaldsprosjekt kostnadsrekna til kr. 75.000 og oppover, skal søkja Luster kommune om godkjenning av tiltaket før oppstart av arbeidet. Omgrepet ”godkjenning” her gjeld teknisk løyve til bygging eller ombygging. Prinsippet er her at desse tiltaka vert innarbeida og prioriterte i handlingsdelen i denne planen. Jf. pkt. 3.09 og 3.10.

#### 4.8 Statstilskot til lokale kulturhus (kulturbygg)

##### 4.8.1 Føremål

- Tilskota skal medverke til utvikling av eigna lokale og bygningar som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Bygningane skal fungere som kulturelle møtestadar for lokalmiljø og/eller region.
- Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering/rehabilitering av kulturhus. Vidare kan det gjevast tilskot til utstillingslokale og øvingslokale for ulike kulturaktivitetar. Det vert ikkje gjeve tilskot til ordinært vedlikehald og drift.

##### 4.8.2 Vilkår for tilskot

- Lokala må vere planlagt ut frå definerte behov, og dei bør vera fleksible. Kulturhusa bør lokalisera sentralt i lokalsamfunnet/regionen.
- Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

##### 4.8.3 Utforming av kulturhus/lokale

- Byggeprosjekta skal gjennomførast i tråd med gjeldande føresegner i plan- og bygningslova
- Planane må kvalitetssikrast med omsyn til funksjonalitet.
- Bygga/lokala skal sikrast tilgjenge for alle/universell utforming.
- Kulturhuset skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og plassering.

**4.8.4 Trygd**

- Kulturhus/kulturlokale som får tilskot skal verte nytta til kulturformål i minst 20 år etter at midlane er betalt ut. Turvande trygd for dette må sikrast.

**4.8.5 Satsar for tilskot**

- Tilskotet kan utgjere 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturhuset. Ved samlokalisering med andre føremål, skal det gjerast ei kostnadsdeling av fellesareal og sambruksareal.
- Minste stønads sum er kr. 60.000.

**Vedlegg til plan for lokale kulturhus 2010 – 2021**  
**Luster kommune**



---

# Notat

---

**Til: Rådmannsgruppa og einingsleiarane**

**Frå: Rådmannen**

**Kopi: Formannskapet**

Arkivsak  
08/2425

Arkivkode  
001

Dato  
22.09.2008

## Folketalsframskriving til bruk i kommunalt planarbeid

I nokre kommunale planprosessar har vi – ved dimensjoneringa av dei kommunale tenestene – drøfta kva føresetnader vi skal leggje til grunn for folketalsutviklinga i kommunen.

Etter ei nærare vurdering er vi komne til at vi bør nytte Statistisk Sentralbyrå (SSB) sitt såkalla ”hovudalternativ”. Dette er eit alternativ som byggjer på:

- middelshøge tal (ikkje høge/låge) for fruktbarheit, levealder, flytting og innvandring.
- faktiske tal for korleis desse komponentane har utvikla seg i Luster dei seinare åra.

## Luster kommune - framskrivingar

Dei aktuelle framskrivingstala for Luster kommune er slik:

**Alle tal pr 1.januar det aktuelle år**

Alder	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2020	2030
00 - 05 år	348	353	344	339	338	341	340	342	360	376
06 – 15 år	670	666	669	662	652	627	628	622	601	637
16 – 19 år	303	294	283	287	279	298	295	288	250	247
20 – 24 år	293	298	310	323	344	338	339	337	336	303
25 – 39 år	746	728	734	724	707	709	712	734	783	826
40 – 66 år	1690	1706	1697	1704	1734	1741	1736	1720	1676	1532
67 – 79 år	483	494	503	505	502	513	519	544	623	740
80 – 89 år	274	252	246	235	237	229	229	220	223	307
90 år +	63	73	69	71	72	76	76	76	57	59
<b>Folketal</b>	<b>4870</b>	<b>4864</b>	<b>4855</b>	<b>4850</b>	<b>4865</b>	<b>4872</b>	<b>4874</b>	<b>4883</b>	<b>4909</b>	<b>5027</b>

SSB sine framskrivingar vert berre oppgitt på *kommunenivået*. Dvs at byrået ikkje produserer slike tal for ulike krinsar/bygder. Det har samband med at uvissa vert for stor når ein ser på mindre geografiske område.



## Krinsnivået (skulekrinsar) – historiske tal

Det vi har av offisielle folketal på *krinsnivået* er berre historiske tal. Desse kan likevel vere nyttige i plansamheng, då også desse kan gje indikasjonar på korleis folketallet vil utvikle seg vidare.

Vi tek difor med også nokre tal frå krinsnivået; først ein tabell som viser utviklinga frå 1998 og fram til i dag, dernest ein tabell som seier noko om aldersfordelinga på krinsnivået i dag.

Folketalsutviklinga i Luster kommune 1998-2008, fordelt på skulekrinsnivå:

<b>Alle tal pr 1.januar</b>			
<b>Krins/år</b>	<b>1998</b>	<b>2008</b>	<b>1998-2008 % endring</b>
Fortun	175	140	- 20 %
Bolstad	361	309	- 14 %
Dale	774	678	- 12 %
Gaupne	1114	1169	+ 5 %
Indre Hafslo	559	485	- 13 %
Veitastrond	156	131	- 16 %
Hafslo	1172	1273	+ 9%
Solvorn	264	250	- 5 %
Jostedal	460	416	- 10%
Ufordelt 1)		19	-
<b>Totalt</b>	<b>5035</b>	<b>4870</b>	<b>- 1 %</b>

1) SSB har ikkje krinsfordelt 19 innbyggjarar pr 1.januar 2008.  
Endringstala kan difor vere litt for negative for nokre av krinsane.

Folketalet i Luster kommune i 2008, fordelt på skulekrinsar og aldersgrupper:

<b>Tal pr 1.januar</b>									
<b>Krins</b>	<b>0-5</b>	<b>6-15</b>	<b>16-19</b>	<b>20-39</b>	<b>40-66</b>	<b>67-79</b>	<b>80-89</b>	<b>90 +</b>	<b>Alle</b>
Fortun	12	14	9	28	50	19	8	0	140
Bolstad	18	38	18	45	127	40	20	3	309
Dale	42	84	34	142	237	74	52	13	678
Gaupne	81	196	66	258	387	100	65	16	1169
I.Hafslo	33	46	25	107	186	62	19	7	485
V.strond	5	14	11	24	46	19	10	2	131
Hafslo	124	185	90	300	414	93	48	19	1273
Solvorn	12	38	20	56	92	18	13	1	250
Jostedal	16	54	30	71	150	55	38	2	416
Ufordelt 2)	5	1	0	8	1	3	1	0	19
<b>Totalt</b>	<b>348</b>	<b>670</b>	<b>303</b>	<b>1039</b>	<b>1690</b>	<b>483</b>	<b>274</b>	<b>63</b>	<b>4870</b>

2) SSB har ikkje krinsfordelt 19 innbyggjarar pr 1.januar 2008.  
Tala kan difor vere litt for låge for nokre av krinsane.

Tore Eriksen  
Rådmann

Tabell som syner fordeling av refusjon for drift og vedlikeholdstilskot 2006 – 2008

Refusjon for leige og drift	Søkar organisasjon	<b>2006</b> 30 %	<b>2007</b> 30 %	<b>2008</b> 35 %
	La Jo Ma, Indre Hafslo	-	600	700
	Luster Revmatikarforeining	-	1.913	2.629
	Luster Husflidslag	6.881	8.634	5.049
	Radio Luster, Gaupne	15.263	40.962	63.320
	LHL, Luster	1.463	2.048	-
	<b>Sum utbetalt refusjon:</b>	<b>23.607</b>	<b>54.157</b>	<b>71.698</b>
	Søkar organisasjon	<b>2006</b> 30 %	<b>2007</b> 30 %	<b>2008</b> 35 %
Refusjon til privateigde kulturhus	Markstein, Luster u.l.	6.616	6.329	-
	Soltun, Gaupne u.l.	40.457	26.124	29.595
	Dølaheimen / Framheim, Jostedal u.l.	31.399	10.085	21.413
	Ljosvang, Indre Hafslo u.l.	15.773	12.702	10.659
	Fortun bedehus	6.614	10.717	17.234
	Luster bedehus	24.869	18.665	24.512
	Gaupne bedehus	8.034	9.371	12.691
	Lambhaug bedehus	11.343	9.472	7.555
	Hafslo bedehus	-	11.597	20.326
	Fredheim, Nes	5.705	6.169	10.459
	SION, Gaupne	29.044	25.479	26.122
	Lyngmo, Hafslo	73.341	46.616	64.442
	Parken, Gaupne	18.395	20.813	17.038
	Grendahuset på Sørheim	16.162	11.975	16.269
	Grendahuset i Kroken	6.288	13.223	8.689
	Grendahuset på Ornes	-	371	477
	Grendahuset i Fortun	18.580	23.628	18.870
	Grendahuset i Vigdal	1.451	1.616	2.474
	Grendahuset på Mollandsmarki	9.156	9.499	20.488
	<b>Sum utbetalt refusjon:</b>	<b>323.227</b>	<b>274.451</b>	<b>329.315</b>
<b>Totalt utbetalt refusjon</b>	<b>346.834</b>	<b>328.608</b>	<b>401.013</b>	

## Retningslinjer for tilskot til kulturhus i Sogn og Fjordane av midlane til desentralisert ordning.

### Bakgrunn

- Retningslinjene gjeld desentralisert ordning for tilskot til kulturhus, vedteke av Stortinget i samband med handsaming av St. meld. Nr. 48 (2002 – 2003) ”Kulturpolitikk fram mot 2014”.

### Føremål

- Tilskota skal medverke til utvikling av eigna lokale og bygningar som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Bygningane skal fungere som kulturelle møtestadar for lokalmiljø og/eller region.
- Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering/rehabilitering av kulturhus. Vidare kan det gjevast tilskot til utstillingslokale og øvingslokale for ulike kulturaktivitetar. Det vert ikkje gjeve tilskot til ordinært vedlikehald og drift.

### Vilkår for tilskot

- Lokala må vere planlagt ut frå definerte behov, og dei bør vera fleksible. Kulturhusa bør lokaliserast sentralt i lokalsamfunnet/regionen.
- Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

### Utforming av kulturhus/lokale

- Byggeprosjekta skal gjennomførast i tråd med gjeldande føresegner i plan- og bygningslova
- Planane må kvalitetssikrast med omsyn til funksjonalitet.
- Bygga/lokala skal sikrast tilgjenge for alle/universell utforming.
- Kulturhuset skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og plassering.

### Trygd

- Kulturhus/kulturlokale som får tilskot skal verte nytta til kulturformål i minst 20 år etter at midlane er betalt ut. Turvande trygd for dette må sikrast.

### Satsar for tilskot

- Tilskotet kan utgjere 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturhuset. Ved samlokalisering med andre føremål, skal det gjerast ei kostnadsdeling av fellesareal og sambruksareal.
- Minste stønads sum er kr. 60.000.

### Andre vilkår

- Opplysningar om funksjon, aktivitetar, behovsunderlag og søkjar.
- Teikningar med tilhøyrande omtale av prosjektet.
- Detaljert kostnadsoverslag.
- Dokumentert plan for fullfinansiering av prosjektet.
- Framdriftsplan.
- Opplysningar om eigaransvar.
- Opplysningar om driftsfinansiering og plan for forvaltning, drift og vedlikehald.

### Søknadsfrist

- Søknad om tilskot skal fremjast gjennom den kommunen der kulturhuset/lokalet skal lokaliserast.
- Kommunen skal sikre at søknadane fyller dei formelle krava, og gje uttale om behovsvurderinga. Dersom det er fleire søknader frå kommunen, skal kommunen prioritere søknadane.
- Søknadsfrist til fylkeskommunen er 1. april kvart år.
- Søknaden skal sendast på eige skjema.

### Utbetaling

- Utbetaling til prosjektet skjer i samsvar med framdrift og likviditetsbehov. Sluttutbetaling skjer etter ferdigattest og revidert rekneskap. Rekneskapen skal reviderast av kommunerevisjonen. Inntil revidert rekneskap ligg føre, skal fylkeskommunen halde tilbake minst 10% av tilskotsmidlane.

## **Kulturstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2008 – 2011, Vedteken i fylkestinget 10. juni 2008 sak13/08**

### **Kp. 6: Kultur som drivkraft for folkehelse**

I Noreg er det sosiale skilnader i helse som varierer systematisk med utdanningsnivå, yrkesgruppe eller inntektsnivå. Vi finn sosiale helseskilnader nesten uavhengig av korleis vi måler sosial posisjon. Dette gjennomgåande mønsteret er årsaka til at WHO rår til å legge vekt på sosiale tilhøve heller enn sjukdomsspesifikke løysningar. Sosiale skilnader i helse gjeld ikkje berre innan kultur, men når vi veit at helsevesenet sine storbrukarar er kulturen sine småbrukarar, må vi ta omsyn til dette når vi planlegg og gjennomfører tiltak.

Folkehelse handlar både om den fysiske, psykiske og sosiale delen av livet.

Omgrepet "Kultur og helse" som del av folkehelsearbeidet handlar om å tilpasse kulturtilboda og gjere dei tilgjengeleg for heile befolkninga ved tiltak for å få med dei som ikkje kjem av seg sjølve. Det handlar også om å prøve ut nye tilbod for utvalde målgrupper, flytte kulturen inn i institusjonar eller på andre arenaer om det er grunnlag for slike løysingar. Men det kan også handle om å informere om kva kulturtilbod som er tilgjengelege, syte for eigna transportløysingar og på andre måtar organisere det praktiske rundt det å delta.

Det frivillige og offentlege kulturlivet sine tilbod må kunne fremje engasjement og handlingskompetanse ved deltaking og eigenaktivitet. Det er kulturaktiviteten i kvardagen, der enkeltindividet sjølv er aktørar i eige lokalsamfunn, som skaper nærleik til andre og som er viktig for utvikling av lokal tilhøyre og identitet.

#### **Vi vil:**

- Alle innbyggjarar driv fysisk aktivitet etter eige ønskje og føresetnader, på allment tilgjengelege område, i naturen og eller i anlegg som er lagt til rette i rimeleg geografisk nærleik til der dei bur
- Alle innbyggjarane har tilbod om deltaking i kulturaktivitetar i sitt nærmiljø
- Lokale og aktivitetar er tilgjengelege for alle.

#### **Strategiar:**

- Legge til rette for aktivitetar, anlegg og område som fremjar fysisk aktivitet og folkehelse. Gjennom ny Fylkesplan for Idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013 trekke opp retningslinjer for dei store anlegga som skal byggast med tilskot frå spelemidlane og sjå heilskapen mellom dei få store og dei mange små tiltaka
- Stimulere samarbeide mellom helse- og sosialsektoren, kultursektoren og brukarorganisasjonar for å auke kunnskap og kompetanse om samanhengar mellom fysisk aktivitet, kultur og folkehelse
- Etablere og utvikle nettverk/møteplassar/ressursgruppe for "Kultur og helse" og fysisk aktivitet i fylket
- Fremme kulturaktivitet som verkemiddel for auka sosial deltaking og samhandling
- Legge til rette for anlegg og område som fremjar fysisk aktivitet og folkehelse
- Stimulere til aktivitetar for "uorganiserte" barn og unge, eldre, sjukdomsgrupper og andre med spesielle behov
- Hjelpe til med etablering av interkommunale friluftsråd i fylket.

St.meld. nr. 48 (2002-2003)

## Kulturpolitikk fram mot 2014

### 17.3 Evalueringa av ordninga for tilskot til lokale/regionale kulturbygg

Tilskotsordninga for lokale og regionale kulturbygg var tidlegare knytt til ein eigen post i statsbudsjettet (kap. 320 post 60), men no vert desse tilskota henta frå spelemidlane, med 45 mill. kroner i 2003.

Retningslinene for søknad om statlege midlar til slike bygg er omfattande og detaljerte.

Ein stor del av forvaltningsoppgåvene i tilknytning til denne tilskotsordninga er delegert til fylkeskommunane, som tek imot, handsamar og godkjenner søknader etter at desse er førehandsgodkjende i vedkomande kommune eller i departementet. Fylkeskommunen gjer vedtak om i kva for kommunar regionale kulturbygg skal plasserast, og skal dessutan uttala seg om kva for regionale funksjonar bygget bør innehalda. Årleg sender fylkeskommunen eit oversyn til departementet over inkomne og godkjende søknader, og dette oversynet dannar grunnlaget når departementet fordeler midlar mellom fylka. Midlar avsette til lokale kulturbygg vert fordelte av fylkeskommunen, medan departementet fordeler tilskot til regionale bygg. Fylkeskommunen utbetaler innvilga tilskot til kommunane og fører oversyn over tildelte og utbetalte summar, mottekne rekneskapar, inneståande og ikkje utbetalte midlar.

Ordninga er nyleg evaluert. Rapporten *I hus med kulturen* låg føre sommaren 2002 (Østlandsforskning, rapport nr. 12/2002). Siktemålet var å få dokumentert kva ordninga har hatt å seia for lokalt og regionalt kulturliv. Brorparten av informantane i kommunar og fylkeskommunar er samde i

- at ordninga er naudsynt for å tryggja infrastruktur på kulturområdet i heile landet
- at ordninga medverkar til å løysa ut monalege summar frå andre kjelder
- at ordninga har mykje å seia for lokalt og regionalt kulturliv
- at kulturbygga er viktige arenaer for både formidling og produksjon av kunst og kultur
- at behovet for ombygging og modernisering er større enn trongen for nybygg.

Rapporten tilrår på dette grunnlaget å vidareføra ordninga, men med ein del justeringar.

Helvta av informantane meinte at ordninga ikkje er tilpassa dei behova kulturlivet har i dag, og tredjedelen av informantane meinte at kulturhusa er lite eigna til å fanga opp endringar i kulturlivet.

På grunnlag av ein konkret og djupare analyse av kulturbygg i tre ulike regionar deler rapporten bygningane inn i kategoriane forsamlingshus og kulturhus. Denne inndelinga går på tvers av oppdelinga i lokale og regionale bygg etter tilskotsordninga.

Forsamlingshus er fyrst og fremst sosiale samlingsstader som manifesterer vitaliteten i det aktuelle lokalsamfunnet. Dugnader og friviljug innsats er kjenneteikn ved drifta, men bygningane har i periodar særst låg bruksfrekvens. Rapporten legg til grunn at behovet for slike bygningar i stor grad er dekt opp.

Profesjonelt drivne kulturhus er derimot viktige for produksjon og formidling av kultur. Behovet for slike er ikkje dekt, vert det halde fram i evalueringsrapporten.

I rapporten vert det vidare konstatert at mange kulturhus har ein vanskeleg driftsøkonomi grunna behov for teknisk oppdatering og vedlikehald.



## 17.4 Ny, desentralisert ordning for tilskot til kulturhus

Med tilvising til evalueringa av den noverande ordninga med statlege tilskot til lokale og regionale kulturbygg vil departementet tilrå ei ny, desentralisert ordning for tilskot til kulturhus. Ordninga bør tilførast 40 pst. av den delen av spelemiddeloverskotet som skal nyttast til kulturbygg. Frå 2005 vil dette utgjera overslagsvis 55 mill. kroner. I 2004, då berre to tredjedelar av spelemidlane vil vera innfasa, bør det som ei overgangsordning leggjast til grunn at fylkeskommunane disponerer ein noko større prosentdel av desse midlane, slik at ca. 50 mill. kroner kan tilførast denne ordninga.

Midlane vert stilte til rådvelde for fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel som tek utgangspunkt i ibuartalet justert med utjamningsfaktorar som tek omsyn til areal og til samferdslemessig og annan relevant infrastruktur.

Fylkeskommunane bør stillast nokså fritt i bruken av desse midlane, dvs. at dei statlege føringane vert avgrensa til eit sett av premisser som skal gå fram av det årlege brevet der midlane vert stilte til rådvelde. Midlane bør kunna nyttast både til nybygg og ombygging eller modernisering, men ikkje til ordinært vedlikehald eller drift. Tilskot til bibliotekbussar kan inngå i ordninga.

Eit anna vilkår bør vera at tilskotet frå spelemidlane ikkje skal utgjera meir enn tredjedelen av den samla finansieringa av det aktuelle tiltaket.

## 1 Samandrag

### 1.13 Kulturbygg

Den noverande ordninga for tilskot til lokale og regionale kulturbygg har eit altfor detaljert og rigid regelverk og bør byggjast om. Med utgangspunkt i dei spelemidlane som vil vera øyremerkte til kulturbygg i åra frametter, rår departementet til å erstatta gjeldande stønadsordning med to nye ordningar.

For det fyrste bør det skipast ei ny, desentralisert ordning for tilskot til kulturhus. Midlane – 40 pst. av spelemidlane – bør stillast til rådvelde for fylkeskommunane, som bør stå nokså fritt i bruken av desse midlane, dvs. at dei statlege føringane vert avgrensa til eit sett av premisser som skal gå fram av det årlege brevet der midlane vert stilte til rådvelde. Tilskot til bibliotekbussar kan inngå i ordninga. Ei slik oppgåveoverføring vil vera i tråd med den meir generelle desentraliseringa av regionalpolitiske verkemiddel som tidlegare låg i Kommunal- og regionaldepartementet, og som no er overførte til fylkeskommunane.

For det andre bør det skipast ei ny ordning for tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur med ei årleg ramme tilsvarande 60 pst. av spelemidlane. I departementet ligg det føre ei rad søknader om tilskot frå budsjettposten til nasjonale kulturbygg. Brorparten av desse har ein karakter og omfang som gjer det naturleg å kategorisera dei som regionale prosjekt. Det dreier seg om å leggja til rette kulturelle møteplassar for både unge og eldre og for aktivitetar på tvers av generasjonar og grupper.

Geografisk vil prosjekta over tid fordela seg på heile landet, men i kvart budsjettår vil tilskota måtta konsentrerast om eit avgrensa tal prosjekt. Følgjeleg vil det vera naudsynt med ei samla prioritering på nasjonalt nivå.

St.meld. nr. 39 (2006-2007)

## Frivillighet for alle

### 14.6 Kulturbygg

For at det lokale kulturlivet skal kunne utfolde seg, er det nødvendig at det skapes tilrettelagte møteplasser. Å etablere gode kulturbygg er imidlertid et stort økonomisk løft for mange lokalsamfunn. Det ytes derfor statlig støtte til dette formålet gjennom overskuddet fra Norsk Tipping AS. Kultur- og kirkedepartementet fordeler årlig spillemidler til investeringer i kulturbygg på lokalt og regionalt nivå gjennom to tilskuddordninger: «Desentralisert ordning for tilskudd til kulturhus» og «Ordning for tilskudd til regionale møteplasser og formidlingsarenaer for kultur». Disse tilskuddsordningene er viktige for å sikre infrastruktur på kulturområdet i hele landet. Kulturbyggene som finansieres gjennom tilskuddsordningene utgjør viktige møteplasser og arenaer for blant annet frivillige organisasjoners aktivitet. Tilskuddene har vist seg å være helt nødvendige for å sikre at alle deler av landet har mulighet til å bygge infrastruktur på kulturområdet som er tilpasset lokale forhold. Tilskuddene bidrar til at betydelige midler fra andre kilder, herunder kommunale og fylkeskommunale tilskudd, blir brukt til kulturhus og regionale møteplasser. De lokale kulturbygningene tjener først og fremst amatørkulturens behov og betyr mye for lokalt og regionalt kulturliv. I tillegg er bygningene viktige for formidlingen av kunst og kultur.

Forvaltningen av den desentraliserte tilskuddsordningen er delegert til fylkeskommunene. Tilskuddene fordeles til fylkeskommunene etter en fastsatt fordelingsnøkkel. Utover et sett overordnede premisser fastsatt av departementet, definerer fylkeskommunene selv hvilke prosjekter som omfattes av ordningen, og prioriterer hvilke prosjekter som skal få støtte innenfor de midlene som fylkeskommunene disponerer. Tilskuddene skal bidra til egnede lokaler og bygninger som gir rom for ulik kulturell virksomhet. Bygningene skal fungere som kulturelle møtesteder for lokalmiljø og/eller region. Midlene kan benyttes til nybygg, ombygging og modernisering av kulturhus, men ikke til ordinært vedlikehold eller drift. I 2007 har departementet fordelt 49,7 mill kroner til fylkeskommunene som viderefordeler investeringsmidlene til lokale og/eller regionale kulturhus. Fylkeskommunenes prioriteringer viser at det spesielt er behov for ombygging av eller tilbygg til eksisterende flerbrukslokaler. Fylkeskommunene rapporterte at 88 prosent av prosjektene som fikk tilskudd i 2006 var flerbrukslokaler. Av disse gikk 82 prosent til ombygging eller tilbygg til eksisterende flerbrukslokaler.

Tilskudd til regionale møteplasser og formidlingsarenaer for kultur fordeles av Kultur- og kirkedepartementet. Tilskuddene skal bidra til etablering av lokaler, arenaer, utanlegg og lignede tiltak med regionale funksjoner for produksjon, utøvelse og formidling av kunst og kultur. I likhet med den desentraliserte ordningen kan midlene til regionale møteplasser benyttes til nybygg, ombygging og modernisering, men ikke til ordinært vedlikehold eller drift. Størstedelen av tilskuddene har gått til regionale kulturvernbygninger. I tillegg er det gitt betydelige tilskudd til Drammen internasjonale kultursenter og Lillestrøm kultursenter. I 2007 er det 75 mill kroner til fordeling innenfor tilskuddsordningen.

Gjennom Musikkverkstedordningen har staten bidratt til blant annet lokaler og utstyr for aktiviteter innen rock, jazz, folkemusikk og verdensmusikk.

Å-jour pr. 28.08.2009

**KOMMUNAL PLAN FOR LOKALE KULTURHUS 2010 – 2021****Anleggsregister 2009.**

<b><u>Anlegg:</u></b>	<b><u>Eigar:</u></b>
Grendahuset i Kroken Munthehuset	Kroken grendalag Stiftinga Munthehuset i Ytre Kroken
Fortun bedehus, Fortun Fortun grendahus, Fortun	Bedehusstyret Fortun bygdalag
Fjordstova A/S, Skjolden Skjolden ungdomshus, Skjolden	Fjordstova A/S Skjolden ungdomshus
Luster bedehus	Bedehusstyret
Fredheim, Høyheimsvik (Nes)	Nes og Høyheimsvik Misjonsforening
A/L Parken, Gaupne	Idrettslaget Bjørn, Gaupne ungdomslag og Gaupne skule- og ungdomskorps
Framheim, Jostedal Dølaheimen, Jostedal	Jostedal u.l. Jostedal u.l.
Marifjøra bedehus, Marifjøra	Marifjøra velforeining
Ljosvang, Indre Hafslo Lambhaug bedehus, Indre Hafslo	Indre Hafslo u.l. Bedehusstyret
Mollandsmarki grendehus	Mollandsmarka grendalag
Lyngmo ungdomssenter, Hafslo	Sogn og Fjordane Indremisjon og Bergen krets av Norsk Luthersk Misjonssamband
Hafslo bedehus	Bedehusstyret
Veitastrond bedehus	Bedehusstyret

## **Vedtak i Luster kommunestyre, 24.09.2009**

**Sak 66/09**

**Kommunal plan for lokale kulturhus 2010 - 2021.**

### **Handsaming:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **VEDTAK:**

1. Luster kommunestyre vedtek kommunal plan for lokale kulturhus 2010 – 2021, jf prenta vedlegg.
2. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne oppdateringa av anleggsregisteret i planperioden.
3. Rådmannen får fullmakt til å praktisere pkt. 4.6 i planen med verknad frå 01.01.2010.

## **Saksutgreiing:**

Prenta vedlegg: Planutkast

Uprenta vedlegg: 11 registrerte merknader/kommentarar

### **Samandrag:**

Formannskapet godkjende 20.05.09 plan for lokale kulturhus for offentlig ettersyn med frist for ev merknader 12.06.09. Rådmannen har etter gjennomgang av innkomne merknader ikkje funne grunnlag for endringar i planen.

### **Utval som har vedtaksmynde:**

Kommunestyret

### **Fakta:**

I medhald av §20-5 i Plan og bygningslova vedtok Luster formannskap 20.05.09 å leggja forslag til kommunal plan for lokale kulturhus 2010 – 2021 ut til offentlig ettersyn. I utleggingsperioden har det vore retta ynskje om at administrasjonen presenterte planutkastet for Luster eldreråd, Rådet for funksjonshemma og Ungdommen sitt kommunestyre. Dette er følgd opp. Vidare har anleggseigarar – som har ytra ynskje om ei breiare drøfting av planen – vorte prioriterte i form av tilrettelagte informasjonsmøte. Siste møte vart halde med Mollandsmarki grendalag 25.08.09.

Det er registrert elleve innkomne merknader/kommentarar til planen.

### **Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga:**

*Planframlegget gjev eit godt oversyn over kulturbygg i kommunen og handlingsprogrammet for utbygging/rehabilitering av kulturhus synes realistisk. Fleire av bygga i handlingsprogrammet gjeld opprusting/vedlikehald. Vi vil peika på at det ikkje vert tilskot til ordinært vedlikehald. Ved eksisterande bygg som det skal søkjast om midlar til, vert tilstandsrapport lagt til grunn for vurdering av tilskot.*

Rådmannen sin kommentar: Finansiering av større vedlikehald set også større krav til planleggingsprosessen for huseigar og særleg då arbeidet med å skaffe finansiering av tiltaket.

### **Luster eldreråd:**

- 1. Det er viktig at det i alle bygdelag er laglege møteplassar for både formelle og uformelle samkomer. Kommunen tykkjest vera bra dekkja med slike tilbod. Ein må ha i tankane at det i våre dagar er større krav til komfort, særleg for dei som er eldre.*
- 2. Ein må ha forståing for at kommunen ikkje kan vera med på å halda ved like alle slike hus.*
- 3. Samfunnshusfunksjonen er ikkje godt nok dekkja i Gaupne.*
- 4. Kulturhuset i Sogndal er det rette alternativet for større og kostbare tilskipingar.*
- 5. Ei målsetjing bør vera å gjera det meir vanleg å vitja kulturelle tilskipingar i nabobygdene.*
- 6. Bruk av kulturelle tilbod gjer til vanleg livet rikare for folk flest. Det er ikkje mangelen på lokale som først og fremst er minusfaktoren, men innstillingar og haldningar til kulturtilbod av ulike slag.*

Rådmannen sin kommentar: Konsekvensen av pkt 1 og 2 i merknaden frå Luster eldreråd må tolkast slik at omsynet til komfort bør vektast større enn talet på møteplassar. Rådmannen er samd i dette og vil vidareføre dette i forhold til det kommunale tilskotsreglementet - tilskot til kulturføremål.



**Ungdommen sitt kommunestyre:**

*Eit nytt anlegg i Gaupne er nødvendig for å dekke behovet for varierte aktivitetstilbod i kommunen og kommunesenteret. Samlokalisering med anlegget i Parken vil vera ei praktisk og god løysing for å skape eit breiast mogeleg aktivitetstilbod. For mange ungdomar frå Luster kommune vil lalternativet til møteplassar i eigen kommune vera i Sogndal.*

Rådmannen sin kommentar: Rådmannen har lagt særleg vekt på at ungdomen skal finna tilbod om møteplassar i Luster kommune. Det er likevel ei utfordring at tal ungdomar som møtest i ein del samanhengar synest å vere viktigare enn kvar dei møtest.

**Lyngmo ungdomssenter, Hafslo:**

*Det er viktig å ha eit anlegg og ein bygningsmasse som fungerer godt og som er tilrettelagt for rørslehemma. Det er ei grei tilrettelegging for rørslehemma på Lyngmo ungdomssenter. Likevel ser me at det er rom for forbetringar og har byrja å planlegge utbetring av resepsjonsområdet, samt tilkomst for rullestolbrukarar.*

Rådmannen sin kommentar: Rådmannen viser til at anleggseigar er ansvarleg for planlegging og universell utforming. I tidlegare kommunale planar for lokale kulturhus er det lagt vekt på å prioritere prosjekt med tilkomst for funksjonshemma og rørslehemma, ENØK-tiltak og bygging av sanitæranlegg. Situasjonen i dag tilseier at anlegg som ikkje er tilfredsstillande m.o.t. universell utforming heller ikkje bør ha rett til kommunalt driftstilskot. Slike presiseringar bør vurderast inn i nytt reglement for tilskot til kulturføremål.

**A/L Parken, Gaupne:**

*... Dette synest for oss å måtta forståast slik at bygget i Parken vil verta prioritert i staden for samfunnssal ved det planlagde badeanlegget. Dette er etter vår meining ei konstruktiv og realistisk vurdering. Støtteerklæringar frå;*

**Gaupne ungdomslag, Gaupne skule- og ungdomskorps og IL Bjørn:**

*Planane for Parken sitt nybygg er presenterte for styret i dei tre eigarorganisasjonane, som kvar har sendt sin skriftlege tilslutnad.*

Rådmannen sin kommentar: Slik framlegget til kommunal plan for lokale kulturhus 2010 – 2021 er bygt opp, vil det offentlege sitt engasjement med tilrettelegging for lokal aktivitet måtta vurderast ut frå den samla ressursen av private og offentlege anlegg i regionen. Planen peikar også på betre kommunikasjonar og tilpassa aktivitetslokale i t.d. skular. Rådmannen ser ikkje føre seg at eit ev nybygg i Parken skal koma som eit supplement til eksisterande ungdomshus i Gaupne. Eit ev driftstilskot vil såleis måtta konsentrerast inn mot eit nytt bygg i Parken.

**Stiftelsen Munthehuset, Ytre Kroken:**

*Viser til planprosessen og prosjektet: Munthehuset 2010 der fylgjande moment er av avgjerande tyding for Stiftinga sin vidare eksistens: 1. Driftsform/driftsmodell, 2. Tekniske utbetringar og 3. Samarbeid med institusjonar, organisasjonar og ressursgruppe. ... Som ein konsekvens av den langsiktige driftsavtalen med Tørvis Bre- Ski- og Fjordhotell er dette problemet løyst på ein måte som vil gje stabilitet i drifta, i prinsippet for heile planperioden. Det same gjeld for så vidt og med referanse til pkt.3, sjølv om Stiftinga ikkje av den grunn korkje er friteken for eller forhindra frå å spele ei sjølvstendig rolle. Det ligg elles føringar i driftsavtalen om at Munthehuset skal oppretthaldast som eit tilbod til lokalsamfunnet på same måte som no.*

Rådmannen sin kommentar: Denne planen gjeld i første rekke tilhøvet til ev tekniske utbetringar. Ev driftstilskot vil vera avhengig av dei vilkåra som til ei kvar tid ligg til grunn i reglement for tilskot til kulturføremål. Samtidig er det viktig å understreke at det er eigarorganisasjonen og ikkje driftsorganisasjonen som representerer anlegget overfor kommunen.

#### **Mollandsmarki grendalag:**

*Styret for Mollandsmarki grendalag viser til formannskapssak 134/82 der grendalaget har inngått avtale med Luster kommune om bruk av Mollandsmarki skulehus som grendahus. I forhold til den formelle kommunale eigarskapen, og det pågåande vedlikehaldsarbeidet og opprusting av kjøkkenfunksjonen, håpar grendalaget at mest mogleg av arbeidet kan dekkast av kommunalt tilskot, etterskotsbetalt.*

Rådmannen sin kommentar: Mollandsmarki grendalag har sidan 1982 hatt ein avtale om å drifta det tidlegare skulehusbygget som eit lokalt grendahus mot at kommunen refunderar straum tilsvarende grunnavgift for 1 kw og forbruk inntil 5000 kwh. Dette skil seg frå det reglementet kommunen praktiserer m.a. om refusjon av inntil 50% av godkjende driftsutgifter og prosjekttilskot til større vedlikehaldsprosjekt utover kr 50.000 etter prioritering i kommunal plan. Som eit reint kommunalt anlegg skal alle tiltak prioriterast i samband med den årlege budsjettprosessen. Rådmannen vil ta initiativ til å få ei meir einsarta løysing på eigartilhøvet samanlikna med andre lokale grendalag som har teke over driftsansvaret for ein nedlagt kommunal skule.

#### **Kommunalt råd for funksjonshemma i Luster kommune:**

*Rådet ber om at det vert eit gjennomgåande prinsipp i planen om at det i alle hus som mottek kommunal stønad blir tilrettelagt for universell utforming (tilrettelegging t.d. for allergikarar, rørsle-, syns- og høyrselshemma). Rådet ber om at det blir nytta økonomiske verkemiddel for å oppnå dette.*

Rådmannen sin kommentar: Rådmannen viser til at anleggseigar er ansvarleg for planlegging og universell utforming. I tidlegare kommunale planar for lokale kulturhus vart det lagt vekt på å prioritere prosjekt som tilkomst for funksjonshemma og rørslehemma, ENØK-tiltak og bygging av sanitæranlegg. Situasjonen i dag tilseier at anlegg som ikkje er tilfredsstillande m.o.t. universell utforming heller ikkje bør ha rett til kommunalt driftstilskot. Slike presiseringar bør vurderast inn i nytt reglement for tilskot til kulturføremål.

#### **Vurdering:**

Med grunnlag i ein god planprosess og innkomne merknader til formannskapet sin framlagde plan vil rådmannen tilrå at planen no vert godkjent.

Oppdatering av anleggregisteret, jf. punkt 1.10.4, er ein kontinuerleg prosess som eigarane sjølve er ansvarlege for. Rådmannen bør få fullmakt til å godkjenne initierte oppdateringar.

Generelle merknader og kommentarar som får konsekvensar for t.d. praktiseringa av reglement for tilskot til kulturføremål må først inn i nytt reglement og godkjennast i eiga sak. Kommunestyret har vedteke at rulleringa av tilskotsreglementet skal skje kvart fjerde år og avsluttast før 1.juni 2011. Rådmannen er likevel av den oppfatning at praktiseringa av punkt 4.6: Offentlege tilskotsordningar, med omtale av krav til dokumentasjon og tidsfristar for søknad slik det står i planen, vert gjort gjeldande frå søknadsrunden i 2010.

# Registrering av anleggseigarar til anleggsregisteret av lokale kulturhus 2009 - 2020

Frå:

Namn på anleggseigar, lag eller organisasjon: .....

Namn på anlegget: .....

Namn på kontaktperson: .....

Adresse: .....

Tlf. dagtid: .....

Mobil tlf.: .....

E-post: .....

Kva ulike kulturaktivitetar føregår i anlegget:

Geografisk plassering i kommunen:

Kva geografisk område dekkar dette anlegget:

nærmiljøet  heile kommunen  heile regionen (Indre Sogn/fleire kommunar)

Kva type anlegg er dette (bruk eitt X):

lagshus  grendahus  fleirbruksanlegg / samfunnshus  kulturell og sosial møteplass

Kven er etter dykkar meining største brukargruppa av dette anlegget:

alle  barn  ungdom  vaksne  spesifiser: .....

antal brukarar er kjent ut i frå antal medlemmer i organisasjon/lag .....

(skriv inn namn på organisasjon/lag)

antal brukarar er tippa ut i frå erfaringstal frå andre stader

0-20  21-50  50-100  over hundre brukarar

Kor ofte er anlegget i bruk: (skriv inn ca. tal dagar på eit av alternativa).

tal dagar pr. veke (heile året)  tal dagar pr. mnd.  tal dagar pr. år  sesong: .....

Kva er status for anlegget?

Byggeår:

Når vart anlegget sist rehabilitert:

Forklar kort korleis anlegget er tilpassa rørslehemma/rullestolbrukarar:

Kva er gjort av ENØK-tiltak i anlegget:

Har anlegget tilfredsstillande sanitæranlegg:

Har anleggseigaren planar for anlegget som er byggemeldt / teknisk godkjende:

Kor stor del av dei samla driftsutgiftene vert dekkja av inntekter på utleige:


Har anleggseigar utarbeida eigen driftsplan for anlegget:

Kvar ligg næraste liknande anlegg:


Stad: .....

Antal km: .....

## Politisk organisasjonsmodell



## Innbyggjarar og tenestemottakarar



## Administrativ organisasjonsmodell

**Gul** = Tenesteeiningar (32). Desse yter primært tenester til innbyggjarane i kommunen.

**Grøn** = Stabseiningar (7). Desse bistår rådmannen i hans arbeid, dels utad, dels i høve tenesteeiningane og dels i høve kommunen sine politiske organ.

Rådmannen har - på stabsnivået - peika ut "kontaktpersonar" for samtlige tenesteeiningar.

1) Kommunen har 9 skular og alle rektorane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Skulane er: **Skjolden skule, Dale skule, Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule, Jostedal skule, Indre Hafslo skule, Luster ungdomsskule, Solvorn skule, Veitastrand skule.**

2) Kommunen har 10 barnehagar og alle styrarane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Barnehagane er: **Skjolden barnehage, Gamlestova barnehage, Gaupne barnehage, Grandmo barnehage, Hafslo barnehage, Indre Hafslo barnehage, Jostedal barnehage, Luster barnehage, Solvorn barnehage, Veitastrand barnehage.**

3) Interkommunal. Leikanger er vertskommune.

4) Interkommunal. Sogndal er vertskommune.

5) Partnerskap stat - kommune.